



Arkivnr: 2015/9715-3
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		10.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

Høyring - Læreplanar for utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur

Samandrag

Utdanningsdirektoratet sende 25. juni 2015 framlegg til læreplanar i det nye utdanningsprogrammet for kunst, design og arkitektur på høyring. Høyringsfristen er 3. november 2015. Administrasjonen har sendt førebels høyringsuttale i tråd med dette saksframlegget.

Høyringsprosessen har vore organisert gjennom fagutvalet for formgjevingsfag (FAU), som har gitt uttale på høyringsbrevet. Alle andre skular som har formgjevingsfag, eller har hatt det dei siste åra, har òg vorte inviterte til å gje sine innspel på høyringa.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegga til læreplanar i kunst, design og arkitektur med merknadene som kjem fram av høyringssvaret.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.10.2015

Ved handsaminga av Meld. St. 20 (2012-2013) *På rett vei* vart det vedteke å endre *studiespesialisering med formgjevingsfag* til eit eige studieførebuande utdanningsprogram. Våren 2014 vart det gjennomført ei høyring om innrettinga på det nye studieførebuande tilbodet. I etterkant av høyringa vart det vedteke at namnet på tilbodet skulle vere *utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur*, og det vart fastsett eiga fag- og timefordeling. Det vart òg vedteke at dei gjeldande felles programfaga skulle reviderast og fornyast, det gjeldande valfrie programfaget *trykk og foto* skulle reviderast og utvidast med eit ekstra programfag på 140 timar, og det skulle opprettast tre nye valfrie programfag. Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet for kunst, design og arkitektur vert gjort gjeldande frå 1. august 2016.

I føringane for arbeidet med å etablere det nye tilbodet i kunst, design og arkitektur vart det lagt vekt på at ein skulle revitalisere fag og innhald. Vidare skulle ein prøve å skape samanheng mellom innhaldet i utdanningsprogrammet og innhaldet i relevante høgre utdanningar. Dette har lege til grunn for Utdanningsdirektoratet sitt arbeid med revisjon og utvikling av til saman seks læreplanar:

1. Læreplan i kunst og visuelle verkemiddel - felles programfag
2. Læreplan i design og arkitektur – felles programfag
3. Læreplan i foto og grafikk – valfritt programfag
4. Læreplan i arkitektur og samfunn – valfritt programfag
5. Læreplan i design og berekraft – valfritt programfag
6. Læreplan i kunst og skapande arbeid – valfritt programfag

Opplæringsavdelinga inviterte fagutvalet for formgjevingsfag (FAU) og alle andre skular som har formgjevingsfag eller har hatt det dei siste åra, til eit høyringsmøte 24. september 2015. Her deltok representantar frå Olsvikåsen vgs, Tertnes vgs, Årstad vgs, Voss vgs, Langhaugen vgs, Bergen Katedralskole (avdeling Kyrre), Fusa vgs, Knarvik vgs og Sotra vgs. Høyringssvaret er utarbeidd i tett samarbeid med desse.

Utdanningsdirektoratet si høyring er lagt opp som ei elektronisk høyring med ei rekkje spørsmål. Høyringssvaret er lagt opp som ei liste med svar på desse spørsmåla, og generelle kommentarar til kvar læreplan og heilskapen. Høyringsbrev og framlegg til læreplanar finn de her: <http://www.udir.no/Regelverk/Horinger/Saker-ute-pa-horing/hoyring-forslag-til-lareplanar-i-utdanningsprogram-for-kunst-design-og-arkitektur/>

Generell kommentar

Læreplanane sett under eitt har eit preg av å vere teoritunge, med for lite vekt på skapande kunstnarisk utfolding. Det er generelt ein mangel på ein naturleg progresjon av grunnleggande kompetanse.

Fylkesrådmannen er litt skuffa over valfaga. Dei er for smale, og hovudområda er uklære. Alternative valfag kunne vore eit fag om teikneseriar og animasjon, eventuelt òg film, og gjerne eit ope valfag om kreativitet og eksperimentering. Det hadde vore ønskjeleg med eit programfag til val som møtte ungdommens kultur. Det er neppe heldig at Scenografi og kostyme er tatt bort. Scenografi er vorte eit stadig viktigare felt, og då klesdesign også er teke bort frå design og arkitektur, kan det forsvinne heilt.

Vurderingsordninga er gjennomgåande ikkje god nok slik den er pr. i dag. I læreplanane legg ein opp til ei prøving i prosess og presentasjon. Eksamen slik den er no, er nærmast ei produktevaluering. Fylkesrådmannen ønskjer ei oppgåve over lengre tid, gjerne 2-3 dagar, med meir vekt på prosessen fram til resultatet. Dette må gjerast på ein måte som sikrar likehandsaming av elevane, og førebygging av juks.

Ingen av læreplanane i faga nemner det allmenndannande ved faga. Fylkesrådmannen meiner dette er viktig, då faga passer også for dei som ikkje vil velje ei designutdanning.

1) Læreplan i kunst og visuelle verkemiddel - felles programfag

Når det gjeld dei felles programfaga vil noverande grunnstruktur med to fagområde med tre programfag (tre nivå), verte vidareført. Innhaldet i desse programfaga er revidert, og det er lagt vekt på nytenking og

fornyng av det faglege innhaldet. Det er lagt vekt på å få med element i dei felles programfaga som gjev grunnlag for dei valfrie programfaga. Vidare er fagleg innhald flytta og samla for å skape balanse mellom fagområda *kunst og visuelle verkemiddel* og *design og arkitektur*, for å gje rom for fagleg fordjuping, og for å gje faga ei kronologisk oppbygging.

Utdanningsdirektoratet ber om høyringsinstansane sitt syn på om:

Beskriv formålet faget på ein god måte?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Er hovudområdebeskrivinga dekkjande for innhaldet i faget?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Er det samsvar mellom beskrivinga av hovudområda og kompetansemåla til kvart hovudområde?

Heilt einig

Delvis einig

Verken eller

Delvis ueinig

Heilt ueinig x

Er omfanget på kompetansemåla realistisk ut frå timetalet i faget?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Dekkjer kompetansemåla det faglege innhaldet i faget?

Heilt einig

Delvis einig

Verken eller

Delvis ueinig x

Heilt ueinig

Er vurderingsordninga for faget kunst og visuelle verkemiddel eigna til å vurdere kompetansemåla i faget?

Ja

Nei x

Veit ikkje

Opplevast faget som revidert, fornya og modernisert?

Ja

Nei x

Veit ikkje

Kommentarar til læreplanen i kunst og visuell verkemiddel

Dette faget kan halde fram å heite *Visuelle kunstoffag* slik det heiter i dag. Fylkesrådmannen finn at faget ikkje er endra særleg mykje. Det liknar på det tidlegare faget, noko som er bra. Namna på dei to hovudområda overlappar, materialar, uttrykk og teknikkar er visuelle verkemiddel. Alternative namn til hovudområde er Kreative arbeidsmetodar og Bilete og form.

Fagmiljøet i Hordaland ønskjer at det å nytte ulike materialar, som harde, tekstile og plastiske materialar må konkretiserast. Det er ei utbreidd meining at ein del av læringsmåla frå gjeldande læreplan fungerer godt og kunne med føremon vore vidareførde i den nye læreplanen. Kompetansemåla i framlegget til læreplan er for

lite praktisk konkrete, og dei heng ikkje saman med det som er beskrive i hovudområda. Det er for lite samanheng mellom formålet med faget og kompetansemåla. Ein burde vore meir konkret her. Målet om å nytte valør, perspektiv og liknande på Vg2 er så grunnleggande at det bør leggest til Vg1. Også å nytte proporsjonar og å teikne kroki. Det passar også saman med antikken og renessansen. Å stilisere, forenkle og abstrahere er lagt til Vg1, men bør liggje på Vg2. Det passar med at elevane skal ha mønsterkomposisjon på Vg2. Fargelære er ein del av grunnleggande ferdigheiter og bør nemnast. Kompetansemåla på Vg1 og Vg2 er opne, mens dei er meir konkretiserte på Vg3, til dømes å lage ein installasjon eller å nytte ei samfunnsaktuell problemstilling. Dette er ein uheldig progresjon. Ein burde heller opne for ei valfrie fordjupingsoppgåve på Vg3 der elevane får nytte det dei har lært tidlegare. Dei kan til dømes jobbe med ein opptaksprøve til kunsthøgskular.

2) Læreplan i design og arkitektur - felles programfag

Når det gjeld dei felles programfaga, vil noverande grunnstruktur med to fagområde med tre programfag (tre nivå), bli vidareført. Innhaldet i desse programfaga er revidert, og det er lagt vekt på nytenking og fornying av det faglege innhaldet. Det er lagt vekt på å få med element i dei felles programfaga som gjev grunnlag for dei valfrie programfaga. Vidare er det fagleg innhald flytta og samla for å skape balanse mellom fagområda *kunst og visuelle verkemiddel* og *design og arkitektur*, for å gje rom for fagleg fordjuping og for å gje faga ei kronologisk oppbygging.

Utdanningsdirektoratet ber om høyringsinstansane sitt syn på om:

Beskriv formålet faget på ein god måte?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Er hovudområdebeskrivinga dekkjande for innhaldet i faget?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Er det samsvar mellom beskrivinga av hovudområda og kompetansemåla til kvart hovudområde?

Heilt einig

Delvis einig

Verken eller

Delvis ueinig

Heilt ueinig x

Er omfanget på kompetansemåla realistisk ut frå timetalet i faget?

Ja

Nei x

Veit ikkje

Dekkjer kompetansemåla det faglege innhaldet i faget?

Heilt einig

Delvis einig

Verken eller

Delvis ueinig x

Heilt ueinig

Er vurderingsordninga for faget design og arkitektur eigna til å vurdere kompetansemåla i faget?

Ja

Nei x

Veit ikkje

Opplevast faget som revidert, fornya og modernisert?

Ja

Nei x

Veit ikkje

Kommentarar til læreplanen i design og arkitektur

Det eine hovudområdet heiter Design, produksjon og presentasjon. Omgrepet design vert her feil. Begge hovudområda handlar om design. Hovudområda kan heite *Utforske og planlegge* og *Produksjon og presentasjon*. Under hovudområdet *Utforske og planlegge* handlar det for lite om utforsking av materialar og verkemiddel. Det handlar også for lite om grunnleggjande form og romproblematikk. Det er ikkje samsvar mellom beskrivinga av hovudområda og kompetansemåla til kvart hovudområde. Hovudområda er praktiske, mens kompetansemåla er teoretiske. Det er mange mål som "formulere", "beskrive", "gi eksempler på", "gjør rede for". Når det gjeld om omfanget på kompetansemåla er realistisk ut frå timetalet i faget, trur fylkesrådmannen at det kan verte problematisk. Til dømes det å fullføre eit arkitekturoppdrag er særskild arbeidskrevjande. Arkitekturoppdraget er òg eit døme på at nokre av måla er for vidløftige og passar betre på høgskular. Designprosessen vert vektlagt kvart år, mens einskilde fagområde ikkje er nemnde. På den måten er læreplanen open, og kvar skule kan velje kva som skal vektleggjast. Store område som grafisk design, klesdesign og møbeldesign kan nemnast. Det kan vere positivt at skulane står fritt til å velje, samtidig melder fagmiljøet om at det vert for lite konkretisert. Fagmiljøet saknar den leikande inngangen til kreative prosessar. Dette ønsket harmonerer godt med Ludvigsen-utvalet (NOU 2015:8) sitt ønske om ein meir praktisk og skapande skule.

Valfrie programfag:**3) Læreplan i foto og grafikk - valfrie programfag**

Det valfrie programfaget *foto og grafikk* er ei vidareføring og fornying av det gjeldande valfrie programfaget trykk og foto. Faget er utvida slik at elevane kan velje det over to år for å gje rom for fagleg fordjuping.

Utdanningsdirektoratet ber om høyringsinstansane sitt syn på om:

Beskriv formålet faget på ein god måte?Ja x

Nei

Veit ikkje

Er hovudområdebeskrivinga dekkjande for innhaldet i faget?Ja x

Nei

Veit ikkje

Er det samsvar mellom beskrivinga av hovudområda og kompetansemåla til kvart hovudområde?

Heilt einig

Delvis einig x

Verken eller

Delvis ueinig

Heilt ueinig

Er omfanget på kompetansemåla realistisk ut frå timetalet i faget?Ja x

Nei

Veit ikkje

Dekkjer kompetansemåla det faglege innhaldet i faget?

Heilt einig

Delvis einig

Verken eller

Delvis ueinig x

Heilt ueinig

Er vurderingsordninga for faget foto og grafikk eigna til å vurdere kompetansemåla i faget?

Ja

Nei x

Veit ikkje

Legg læreplanen til rette for fordjuping?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Kommentarar til læreplanen i foto og grafikk - valfrie programfag

Denne læreplanen har eit særpreg, og det er bra. Det er spanande med kombinasjonen foto og grafikk. Fylkesrådmannen finn at det delvis er samsvar mellom beskrivinga av hovudområda og kompetansemåla, men finn at det kan ryddast i strukturen og plasseringa. Til dømes ligg monterer, ferdigstille osv. under uttrykk. Dette kunne etter vår meining like gjerne ha vore plassert under eitt av dei andre områda. Vidare meiner fylkesrådmannen at der det står grafiske verkemiddel, kunne det like gjerne stått visuelle verkemiddel slik at det òg famnar om foto. Ein annan ting fylkesrådmannen saknar, er omgrepet kommunikasjon, det kjem først på Vg2. Det er òg eit poeng å skilje industrigrafisk og kunstgrafisk meir, det er to ulike ting.

4) Læreplan i arkitektur og samfunn - valfritt programfag

Arkitektur og samfunn er eit nytt valfritt programfag som er utvikla på bakgrunn av faglege innspel frå sektor (høyringa våren 2014, nemnt i innleiinga).

Utdanningsdirektoratet ber om høyringsinstansane sitt syn på om:

Beskriv formålet faget på ein god måte?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Er hovudområdebeskrivinga dekkjande for innhaldet i faget?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Er det samsvar mellom beskrivinga av hovudområda og kompetansemåla til kvart hovudområde?

Heilt einig x

Delvis einig

Verken eller

Delvis ueinig

Heilt ueinig

Er omfanget på kompetansemåla realistisk ut frå timetalet i faget?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Dekkjer kompetansemåla det faglege innhaldet i faget?

Heilt einig x

Delvis einig

Verken eller

Delvis ueinig

Heilt ueinig

Er vurderingsordninga for faget arkitektur og samfunn eigna til å vurdere kompetansemåla i faget?

Ja
Nei x
 Veit ikkje

Kommentarar til læreplanen i arkitektur og samfunn - valfritt programfag

Som fordjupingsfag i arkitektur kan det fungere, men fylkesrådmannen trur mange vil velje det vekk fordi det liknar for mykje på fellesfaget. Det er med ein god del gode moment som burde ha vore med i fellesfaget *Design og arkitektur*, særlig i hovudområdet *Form, teknologi og funksjon*. Diverre trur ikkje fylkesrådmannen at valfaga, med unntak av fotofaget, vil appellere til så mange elevar på studiespesialiserande.

5) Læreplan i design og berekraft - valfritt programfag

Design og berekraft er eit nytt valfritt programfag som er utvikla på bakgrunn av faglege innspel frå sektor (høyringa våren 2014, nemnt i innleiinga). Utdanningsdirektoratet ber om høyringsinstansane sitt syn på om:

Beskriv formålet faget på ein god måte?

Ja x
 Nei
 Veit ikkje

Er hovudområdebeskrivinga dekkjande for fagets innhald?

Ja x
 Nei
 Veit ikkje

Er det samsvar mellom beskrivinga av hovudområda og kompetansemåla i kvart hovudområde?

Heilt einig
 Delvis einig
 Verken eller
 Delvis ueinig
Heilt ueinig x

Er omfanget på kompetansemåla realistisk ut frå timetalet i faget?

Ja
Nei x
 Veit ikkje

Dekkjer kompetansemåla det faglege innhaldet i faget?

Heilt einig
 Delvis einig
 Verken eller
 Delvis ueinig
Heilt ueinig x

Er vurderingsordninga for faget design og berekraft egna til å vurdere kompetansemåla i faget?

Ja
Nei x
 Veit ikkje

Kommentarar til læreplanen i design og berekraft - valfritt programfag

Faget kan heite Produktdesign. Berekraft er så viktig at det bør inngå i alle faga og treng ikkje vere nemnt i namnet. Det er òg bra med eit namn som meir tydeleg skil det frå fellesfaget. Måla er særst teoretiske med få kompetansemål som er praktiske. I føremålet står det at det skal leggest til rette for utprøving, eksperimentering og nyskaping. Dette er ikkje nok vektlagt i måla. Fylkesrådmannen trur ikkje elevar som

vel programområde for kunst, design og arkitektur, vil velje dette faget, då det er for likt fellesfaget *Design og arkitektur*.

6) Læreplan i kunst og skapande arbeid - valfritt programfag

Kunst og skapande arbeid er eit nytt valfritt programfag som er utvikla på bakgrunn av faglege innspel frå sektor (høyringa våren 2014, nemnt i innleiinga).

Utdanningsdirektoratet ber om høyringsinstansane sitt syn på om:

Beskriv formålet faget på ein god måte?

Ja

Nei x

Veit ikkje

Er hovudområdebeskrivinga dekkjande for innhaldet i faget?

Ja x

Nei

Veit ikkje

Er det samsvar mellom beskrivinga av hovudområda og kompetansemåla til kvart hovudområde?

Heilt einig

Delvis einig

Verken eller

Delvis ueinig

Heilt ueinig x

Er omfanget på kompetansemåla realistisk ut frå timetalet i faget?

Ja

Nei x

Veit ikkje

Dekkjer kompetansemåla det faglege innhaldet i faget?

Heilt einig

Delvis einig

Verken eller

Delvis ueinig

Heilt ueinig x

Er vurderingsordninga for faget kunst og skapande arbeid eigna til å vurdere kompetansemåla i faget?

Ja

Nei x

Veit ikkje

Kommentarar til læreplanen i kunst og skapande arbeid - valfritt programfag

Formålet beskriv ikkje faget på ein god måte fordi det manglar samanheng mellom formålet og resten av beskrivinga av faget. Det er heller ikkje samsvar mellom beskrivinga av hovudområda og kompetansemåla til kvart hovudområde. Formålet speglast ikkje i kompetansemåla, fordi kompetansemåla er for teoretiske og lite praktiske. Faget verkar for teoretisk og ambisiøst, og har som fleire av dei andre faga mål på høgskulenivå. Det må leggjast meir vekt på utprøving, mindre på teori. Meir praktisk skule er viktig, sjå igjen Ludvigsen-utvalet (NOU 2015:8). Faget heiter kunst og skapande arbeid, men dette reflekterast ikkje i praksis.

Elevar frå studieførebuande utdanningsprogram som ønskjer å velje dette valfaget, vil mangle naudsynte forkunnskapar. Det er òg grunn til å stille spørsmål ved om elevar frå kunst, design og arkitektur vil velje

dette faget, som er nokså likt fellesfaget. Ved sida av alle dei teoretiske måla er det berre tre mål som er knytt til praktiske og konkrete område, og då vert installasjon, film og kunstprosjekt som uttrykkjer det stadsspesifikke nemnt. Det bind opp for mykje av faget til dette, mens det er så uendeleg mykje meir elevane kan arbeide med. Faget kunne hatt eit meir ope namn som kunne opne for eit breiare innhald innan bilete.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Utdanningsdirektoratet har ikkje greidd ut om eventuelle økonomiske eller administrative konsekvensar ved innføringa av nye læreplanar. Ein legg til grunn at dette ikkje vil ha slike konsekvensar. Fylkesrådmannen meiner at ein viss kostnad vil det ha, til dømes kostnader knytt til nye lærebøker i desse faga.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegga til læreplanar i kunst, design og arkitektur med merknadene som kjem fram av høyringssvaret.